



Tre NM på rad på Hovden!



Frå sist NM på Hovden. No er det klart at det blir meir langrennsmoro øvst i Setesdal!

(Foto: Martine Vik)

Styret i Norges Skiforbund har bestemt at Hovden Sportsklubb og Bykle IL skal arrangere NM i langrenn del 2 i 2027, 2028 og 2029. Det er første gong at ein arrangør har blitt tildelt NM tre år på rad.

Leiar i Bykle IL, Olav Mandt, med fersk kåring som Årets ildsjel i Agder, og som kan bli kåra til Årets ildsjel nasjonalt for 2025, er frå seg av begeistring.

– Ikkje minst fordi betre attest for sist NM me skipa til kunne me ikkje ha fått. Det meisterskapen gjekk veldig bra på alle vis, og no blir det meir! slår han fast.

– Dette gjer oss veldig stolte. No skal me gjere absolutt alt me kan for å gjenta suksessen frå sist NM saman med alle våre frivilljuge, seier leiar i Hovden Sportsklubb, Atle B. Egeland.

Blid ordførar

Bykle-ordførar Hans Blattmann gler seg over meldinga om NM på ski på Hovden tre år på rad.

– Dette er formidabelt, og eit kjempelyft for heile regionen. Bygdefolk, tilreisande, næringsliv, idrett og rekruttering, her får me alt. Så ventar det ein stor jobb, men sist NM på Hovden viste til fulle at her har me to arrangørslag som leverer, seier han.



Høyr no hiera!

Det var ei melding som small godt «mellom veggane» her i dalen på tampen av fjoråret då det kom ut at det skal skipast til ikkje

mindre enn tre NM på ski del 2 på Hovden dei neste tre vintrane. Større tillitserklæring enn dette kunne sjølvstykke ikkje Bykle IL og Hovden Sportsklubb ha fått—og det seier også mykje om Bykle kommune og Hovden som vinterdestinasjon. Så skal ingen vere i tvil om at det ligg mykje arbeid og ventar. Likevel er det inga grunn til bekymring. Sist NM på Hovden vart beint fram ein folkefest—og arrangementet, som gjekk på skinner frå A til Å—gav endå til eit overskot! Kor mange andre liknande idrettsarrangement kan skilte med noko slikt?

Så er det som alltid tilgangen på dugnadsarbeidarar som er avgjerande for å greie å leve godt nok. Dugnadsånden øvst i Setesdal er framifrå, det er difor all grunn til å tru at dette blir kjempeopplevingar tre vintrar til endes!

No, med kring eitt år att før første runde går av stabelen på Hovden, er arrangørslaga alt godt i gang med planlegginga. Så er det å håpe at responsen og oppslutninga blir som sist. Då blir det nye folkefestar, reklame for både Hovden, Bykle og Setesdal, og alt levandegjort med timesvis av direktesendingar på TV dag ut og dag inn! At desse tre arrangementa vil gje både Hovden og heile regionen eit kjempelyft, er det lite tvil om. Sist NM på Hovden viste potensialet—no kjem sanneleg utbetaling av det store slaget!

Møte i Kyrkjekjeddaren

Velkomen til møte i Kyrkjekjellaren i Bykle onsdag 11. og torsdag 12. februar kl. 19.00. Tale ved Johan Olsen.

Arr. Indre Sjømannsmisjon



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre? Aktiv på dagtid» består av fem ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida.

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKELETT	MØTESTAD	KONTAKTPERSON
MANDAG				
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus	Line Steine tlf: 917 01 414
	Foreldretrim	11:00-12:00	Dansesal, Hovden grendehus	Stine Gulowsen tlf: 917 87 411
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus	Susanne Bergstø tlf: 921 17 233
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus	Aud Skagestad tlf: 900 70 995
	Sterke saman instruktør: Stine G.	11:00-12:00 (oddetelver)	Samfunnssal, Bykle samfunnshus	Stine Gulowsen tlf: 917 87 411
FREDAG				

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND. SKRIV INN KODEN I SPOND: IFZBR

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 902 16 856
- Måndag-torsdag 8-21 - Fredag 8-16 - Redusert opningstid veke 8 (9-16)	- Måndag 10-16.30 - Torsdag 10-16.30 Stengt veke 8 Meiopent bibliotek alle dagar 7-23

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbud rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: IFZBR
Sjå alle aktivitetar i Friskus aktivitetskalender!

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Du kan no tinge buldreveggen i Hovden grendehus, og gymsalen i Bykle samfunnshus på bookup.no! I skrivande stund er det desse to romma som er tilgjengelege, men me fyller stadig på, så følg med! Adgangsbrikker må foreløpig hentast i resepsjonen på grendehuset for buldreveggen, og i resepsjonen på rådhuset for gymsalen, men me jobbar med ei enklare løysing. Om du har spørsmål kan du kontakte kultur & fritid på epost:

kultur@bykle.kommune.no eller tlf: 902 16 856

Tømekalender

Restavfall: 4.2

Matavfall: 4.2, 18.2

Papir, glass/metall, plast: 18.2

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



SPRÅKKAFE HOVDEN/ BYKLE BIBLIOTEK

Frivilligsentralen inviterer til språkkafe
annankvar torsdag kl 18:00!

Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar og få praktisert norsk i trygge omgjevnader. Stikk innom over ein kopp kaffi og triveleg selskap.

5 februar: Bykle bibliotek

19 februar: Hovden bibliotek

Ta kontakt med kultur@bykle.kommune.no
eller tlf 902 16 856 hvis du har spørsmål eller vil vite meir!



Onsdag 25. Februar kl. 18.00

i Bykle samfunnshus

Me får besøk av Trym Bjønnes, AI-utviklar i Å energi, med foredraget "Bedragersyndromet - En mental kortslutning eller nødvendig drivkraft?".

Artur Ivanchuk kjem også, og skal spele piano for oss.

Aysan sel kurdisk mat i kaféen.

Vel møtt!



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no

Mykje vilt langs vegane vinterstid!

Den siste tida har det kome meir snø - og då veit ein at viltet trekk nærare vegane gjennom dalen. Det er difor no lurt å vere ekstra observant bak rattet!

Viltpåkøyrslar aukar markant i vintermånadene. Her i dalen smell det kvart år, så ein må tilpasse farten etter forhold som sikt og vegbane. Å køyre i 70 km/t i staden for 80 km/t, reduserer risikoen for kollisjonar med 50 prosent. Det viser tal fra Transportøkonomisk institutt.

Ved ein påkøyrslar må ein få oversikt over eventuelle skada personar, gje førstehjelp og ringe 113 viss akutt hjelp er nødvendig. Så må ein ringe politiet på 02800 og melde frå om påkøyrslan. Ein skal også merke staden der påkøyrslan skjedde, slik at ein kan hjelpe dei som kjem for å spore dyret. Ein skal aldri fylgje eit skada dyr på eiga hand. Det kan både vere farleg og gjere arbeidet vanskelegare for ettersøkshunden.



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no

Bykle samfunnshus

Måndag

2. februar

17:30 -

Kjæledyr-ekspressen

19:30 -

Song Sung Blue

Hovden

grendehus

Måndag 16.

Februar

18:00 -

Svampebob: Jakten på firkant

20:00 -

Kraken



SUMMIT
BYKLE-HOVDEN 2009
FRITIDSKLUBB

UNGDOMSKLUBB 8. - 1. vgs, kl 14:00 - 16:00
on 28. januar Hovden
on 11. februar Hovden
on 4. mars Hovden

JUNIORKLUBB 4.-7.
on 04. februar, Bykle kl 13:30 - 15:00
to 12. februar Hovden kl 16:30 - 18:00
on 25. februar, Bykle kl 13:30 - 15:00
to 05. mars Hovden kl 16:30 - 18:00

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER, FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR
KONTAKT: [KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO](mailto:kultur@bykle.kommune.no)



Kultur, tru og undring
BYKLE KYRKJE

Tysdag 17.februar kl.19-21 i kyrkjekjeddaren i Bykle

Foredrag:

Per Christian Aanensen og Marit Zeiffert

fortel om Kvekarsamfunnet

Helsing soknerådet i Bykle v/Kultur, tru og undring-komiteen

Enkel servering

Årsmøte i Bykle Pensjonistlag

Årsmøtet i Bykle Pensjonistlag blir tysdag 17.februar kl 12.00 i Kyrkjekjeddaren i Bykle. Vi serverer Setesdalssuppe og etter årsmøtesakene blir Svein Kleivane frå Bygland med oss.

Vel Møtt!

Sender klede til Ukraina

Laurdag 21.02.26 blir klede og anna som er samla inn sendt til Ukraina med Open Heart www.openheart.no Fram til denne dagen klokka 09.00 kan du levere sekker med klede, sko og liknande på Klippen i Bykle (Sarvsvegen 5) Vi ber om 50kr i fraktpengar per sekk Vipps 593767 Kl 12.00 denne dagen blir det møte med Hallvard Hasseløy der han fortel om hjelpearbeidet i Ukraina . Det blir servert rykande varm suppe frå klokka 11.00. Alle velkomne!

Ny strategisk næringsplan

for Bykle kommune 2025-2035 er no lagt ut. Planen kan ein finne på den kommunale heimesida. Der er også ulike videoinnslag frå lokalt næringsliv.


Snart 4000 fylgjer Bykle på Friskus!

Snart har 4000 menneske lasta ned og nyttar appen Friskus for å få med seg nyheitsmeldingar frå Bykle kommune. Appen er gratis å laste ned og bruke.

Med Friskus får ein alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Bykle kommune som eit PLING inn på mobiltelefonen. Sjølve saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna. Aktuelle politiske saker ligg også i appen. Når ein lastar Friskus ned må ein bare hugse på å også krysse av for at det er Bykle kommune ein vil fylgje! Ein kan fylgje inntil 10 kommunar i appen.



Bykle kommune
nyttar appen Friskus kommune.
Her får ein informasjon frå sin kommune – rett i lomma.



Boksirkelen møtast måndag 9/02 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Herman" av Lars Saabye Christensen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med ☺ Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Gratis symjing i Bykle



Familiebading kl 16:30-17:45
Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet fylgjer skuleruta 2026.



Bygdekaféen

i Bykle er open kvar torsdag klokka 12 - 14 I kaféen kan ein både få seg ein matbit og ein kaffiskvett, og ikkje minst ein prat med kjente og ukjente. Stad: Vaksenopplæringa ved sida av rådhuset

Gratis folkemusikkurs

Laurdag 28. Februar 11.00-15.00

I samband med Landskappleiken 2026 på Hovden inviterer Setesdal Spelemannslag i samarbeid med Kultur & fritid til eit lærerikt og moro kurs i folkemusikk. Her kjem dyktige folkemusikarar for å dele kunnskap og speleglede – anten du er heilt ny eller har prøvd litt før.

Kurset passar for både born og vaksne, og du treng inga forkunnskap for å vere med. Arrangementet er gratis og for alle. Kom som du er- og ta gjerne med hele familien :)

Kva: Gratis kurs i folkemusikk

Kor: Hovden Grendehus

Kvifor: Gama!



KULTURPRISEN BYKLE KOMMUNE 2026

- Kulturprisen skal stimulere kulturlivet i kommunen og gjeve honnør for ein spesiell innsats innanfor det utvida kulturfeltet i Bykle.
- Forslaga må grunngjevast godt, skriv litt om kandidaten og kvifor dei har utmerka seg innanfor det utvida kulturfeltet!

FRIST 15. MARS

Sendast til:
postmottak@bykle.kommune.no

FOR MEIR INFO OG RETNINGSLINJER, SJÅ
BYKLE KOMMUNES NETTSIDER

UKM
BYKLE og VALLE
LOKAL FESTIVAL
LOKAL FESTIVAL
14.03
kl. 15:30
Meld deg på:
 ukm.no/bykle
 ukm.no/valle
 Alder: 4.trinn - 20 år
Påmeldingsfrist 13.02

UTVIKLINGSSTIPEND
BYKLE KOMMUNE
 ER DU MELLOM
 16 OG 25 ÅR?
 DRIV DU MED IDRETT ELLER
 KUNST PÅ HØGT NIVÅ?
 ER DU BUSATT I BYKLE?
SØK UTVIKLINGSSTIPEND!
Frist 1. mars
 POSTMOTTAK@BYKLE.KOMMUNE.NO
 UTFYLLANDE RETNINGSLINJER FINN DU
 HOS BYKLE.KOMMUNE.NO

Bykle og Valle samla seg til felles beredskapsmøte

Kommunane Bykle og Valle har inngått eit formelt samarbeid om beredskap, og onsdag 14. januar samla kriseleiinga i kommunane seg til møte.

Møtet vart skipa til for å sikre vidare samordning av beredskapsarbeidet. Ein skal gå gjennom struktur og planar, og samstundes sjå på kva område som er felles og eventuelle område der kommunane kvar for seg må ha eigne løysingar. Både kommunedirektørar, ordførarar og ikkje minst beredskapskoordinatorar frå både kommunane tar for seg ulike aktuelle tema.

Beredskapsråd

Kommunestyra i dei to kommunane har gått inn for at Bykle og Valle skal etablere eit eige beredskapsråd. Også dette blir tema under møtet i Bykle. Kriseleiinga i Bykle og Valle har også tidlegare vore samla til felles beredskapsøvingar og kjem til å halde fram med dette.



Gjennom honorarfondet vil vi gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyr, og stimulere til aktivitet!

HONORAR- FOND TIL FOLKEMUSIKK

Ei ordning for deg som vil ha
eit arrangement i kommunane
Bykle, Valle, Bygland, Åseral og
Evje og Hornnes.

Når du nyttar våre lokale
folkemusikarar til arrangement i
kommunane Bykle, Valle, Bygland,
Åseral og Evje og Hornnes kan
du som arrangør få tilskot til å
dekke honoraret.

Alle lag, foreiningar, bedrifter
og privatpersonar kan søkje
om tilskot frå fondet. Døme
på tilskipingar: Konferansar,
bedriftssamlingar,
representasjonsoppdrag,
feiringar som opningsfestar,
jubileum og «runde dagar».

Meir informasjon og søknads-
skjema finn du på kommunane
sine heimesider, eller du kan
sende ein e-post til
post@setesdalspelemannslag.no



Bykle kommune



Valle kommune



Bygland kommune



Åseral kommune



Evje og Hornnes kommune



Setesdal Spelemannslag




Valle Sparebank
- allstøtt med deg



HOVDEN GRENDEHUS

HIP HOP **med** HANNA

Uke 2: lø 10.01 og sø 11.01

Uke 4: lø 24.01 og sø 25.01

Uke 9: lø 28.02 og sø 01.03

4.-7. trinn kl 15:00 -16:00

8.-10. trinn kl 16:15 -18:15



NOVEMBER

JULE-KICK-OFF
HOVDEN GRENDEHUS

• KULTURKULENDRETT 1. OG 2. TRINN
• JULEVERSTAD FOR ALLE
• JULEGRANTNING

NOVEMBER - DESEMBER

- JULE KICK-OFF
- PEPPERKAKE JULEBYGD
- SESONGKORT
- HOVDEN ALPINSENTER
- HOVDEN FJELLBAD



UKM

- UKM 4. TRINN - 20 ÅR
- UKM CREW
- KREATIV KLUBB
- JANUAR - MARS
- WORKSHOPS

MELD DEG PÅ UKM HER:

SUMMIT
2020
FRITIDSKLUBB

- KLUBB
- ARRANGEMENT
- UKM CREW
- FØLG MED PÅ SPOND FOR INFO OM KLUBB OG ARRANGEMENT.

SOSIAL MØTESTAD FOR BARN OG UNGE

UNGDOMMENS KULTURHUS
BYKLE - HOVDEN

5.-VGS

MØTEPlass FOR EIGENORGANISERT AKTIVITET GRATIS

HOVDEN: HEMSEN, GYMSAL, KINGSAL, DANCESAL, BANDROM
BULDREROM FRA 8. TRINN.

BYKLE: LEIGE AV KLUBBHUSET
FRÅ 5.-10.TRINN, 8.TRINN: GYMSAL

KULTURSKULEN

0-19 ÅR

FOLKE MUSIKK

BAND KORPS SANG
SLAGVERK PIANO KOR
GITAR/BASS

HEGNI SOMMER JOBB

- 8.-10. TRINN
- JUNI-AUGUST

MEIROPENT BIBLIOTEK
FRÅ 8. TRINN
BYKLE

Fredagsgruppa på Hovden opnar for fleire deltakarar


Den såkalla Fredagsgruppa på Hovden opnar no opp for fleire deltakarar. Treningsgruppa er for deg som er i yrkesaktiv alder, men som er heime på fredagsmorgonar på grunn av til dømes arbeidstid, sjukmelding eller permisjon.

Treng ikkje forkunnskap

Det krev ingen forkunnskap, men du må enkelt kunne kome deg ned på golvet og opp att. Har du lyst til å vere med, eller har du spørsmål?

Ta kontakt med fysioterapeut Anne Thielecke på telefon 953 06 880

Presentasjon av Asor Hansen



I Lislestog i Bykle skal biletkunstnaren Asor Hansen (1862-1929) presenterast nærare sundag 8. februar klokka 16. Der blir det avduka nyinnkjøpte blyanteikningar av kunstnaren. Maija Lindaas spelar harpe, og det vert enkel servering. Vel møtt! (Innfelt i saka Hansen sitt verk «Skogvei i morgensol»).



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Onsdag 4.2 klokka 12.30 —

Andakt Bykleheimen

Sundag 8.2 klokka 11 —

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje

Tysdag 10.2 klokka 19 —

Salmar og song, Bykle kyrkje

Onsdag 11.2/Torsdag 12.2 klokka 19 —

Møte Indre sjømannsmisjon v/ Johan Olsen—Kyrkjekjeddaren

Tysdag 17.2 klokka 19 — Kultur, tru og un-

dring—foredrag om Kvekarane

Kyrkjekjeddaren

Onsdag 18.2 klokka 12.30 —

Andakt, Bykleheimen

Onsdag 18.2/Torsdag 19.2 klokka 19 —

Møte med Inge Flaatt—Kyrkjekjeddaren

Sundag 22.2 klokka 17 —

Gudsteneste, Bykle kyrkje

Onsdag 4.3 klokka 12.30 —

Andakt Bykleheimen

Slipekurs på Setesdalsmuseet

Velkomen til slipekurs i vinterferien, onsdag 18. februar kl. 18-21. Kurset skal være på Setesdal bygningssvernseier, ved Setesdalsmuseet på Rysstad. Vi går gjennom slipe-teknikk, i teori og praksis. Ta med egne knivar eller anna verktøy som



har blitt sløve, og treng litt omsorg. Påmelding innan fredag 13. februar, på

post@setesdalsmuseet.no, eller tlf: 37 93 63 03

Bykle søndagsskule våren 2026



Søndagsskolen

Det blir søndagsskule i kyrkjekjellaren i Bykle kyrkje kl. 16-17 desse sundagane i vår:

25. jan., 8. feb, 22. feb, 8. mars og 22. mars

Alle born frå 3 år og oppover er hjartleg velkomne.

Ved spørsmål, ta kontakt med Jørgine Sofie Mosdøl på tlf 95172235.

Arr: Bykle søndagsskule



www.bykleil.no



Valle Sparebank
- allstøtt med deg

BYKLE IL – AKTIVITETSKALENDER Vinter 2026 (utg 15.01.2026)
Aktivitene følger skuleruta om ikkje anna blir sagt.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag
*Allidrett 1.-4. klasse Gymsal kl. 17.30 – 18.30 Diverse aktiviteter Ansvarleg: Lill Kristin Kili Tlf 988 46305	*16.30 – 17.15 Mat *Alpintrening Hovden Kl 17.30 – 19.00 Alpin for alle Ansvarleg: Ole Henrik Trydal Tlf 469 37786 Jarle Sørensen Tlf 901 14834	*Familiebading i Sømjehallen. Kl 16.30 – 17.45 (Bykle kommune) Kontaktperson Merete Egeland Tlf 941 75773	*Barnetrim – 6 år og yngre Gymsal kl 17.00 – 18.00 Ansvarleg: Arne K. Homme Tlf 468 88968
*Turn Kl 18.30 – 19.45 1. – 10. klasse Ansvarleg: Fredrik Eriksen Tlf 483 45845 Martine Pedersen Tlf 993 21773	*Freeski for alle. Hovden Alpinsenter Kl 19.00 – 20.00 Ansvarleg: Ole Henrik Trydal Tlf 469 37786	*Vaksenbading i Sømjehallen. Kl 18.00 – 19.00 (Bykle kommune) Kontaktperson Merete Egeland Tlf 941 75773	*Spinning Kl. 18.00-18.50 Bykle samfunnshus Ansvarleg: Ingebjørg Dyrland, tlf 480 79299
	*Spinning Kl. 18.00-18.50 Bykle samfunnshus Ansvarleg: Eivind Andre Moe, tlf. 905 28426	*Langrenns trening 1-10 klasse Ljosløypa kl 18.00 når det er skiføre Ansvarleg: Ingunn Jegteberg Tlf 951 10234 *Skikarusell Bykle – Ljosløypa Sjå eiga terminliste	*Trim for alle Kl. 19.00-20.00 Styrketrening som passar for alle Ansvarleg: Ingebjørg Dyrland, tlf. 480 79299
	*Trim for alle Kl. 19.00-20.00 Styrketrening som passar for alle Ansvarleg: Ingebjørg Dyrland, tlf 480 79299	*Fotball frå 8. kl og oppover Kl. 19.00 Ansvarleg: Ole Henrik Trydal Tlf 469 37786	